

# EIDFJORD NYTT



Digitalisering Lægreid skule

Samson Instanes

Psykologisk rådgjeving

Miljøfyrtårn

# **Ordføraren har ordet**

# Verdas beste reisemål - nesten



**E**tter alt å døma har me lagt bak oss ein rekordsesong når det gjeld gjestar som har vitja Eidfjord. Både trafikktalet over Hardangervidda og talet på cruiseskip syner god vekst. Trafikken over vidda er hittil i år større enn trafikken over Hemsedal, og det er fyrste året etter opninga av Lærdalstunnelen i 2001.

Tidlegare i haust vart Eidfjord saman med Dubai og Geraldton Western Australia nominert til prisen « Seatrade Destination of the Year 2018» Som dei aller fleste har fått med seg, var det Dubai som stakk av med prisen. Eidfjord fekk ein god nr to, noko me har all grunn til å vera stolte av

Eidfjord er det minste reisemålet som har vore nominert til denne prisen sidan den vart stifta i 2007, og ingen andre norske reisemål har vunne prisen.

Den internasjonale juryen la vekt på at Eidfjord har arbeidd målretta for ein berekraftig cruiseturisme. Me var tidleg ute og avgrensa talet på passasjerar til 4000, og tek ikkje inn meir enn to skip pr dag. Vidare hadde juryen merka seg dei store investeringane med nye utstillingar på Norsk Natursenter og dei flotte utsiktsplattformane på Fossli ved Vøringsfossen. Begge desse vert no omtala som attraksjonar i verdsklasse og er med på å heva kvaliteten på Eidfjord som reisemål. Juryen framheva og at hamna i Eidfjord

vert drifta på ein profesjonell måte, og at det nesten årleg kjem tilbod om nye attraksjonar og aktivitetar.

Merksemda rundt prisutdelinga har alt medført større interesse frå rederia som har Eidfjord på programmet. Rederi som ikkje har vore her før tek no kontakt og syner interesse for framtidige besøk. Alt no veit me at det kjem litt fleire cruiseskip neste år, og veksten vil halda fram også i 2020.

For at Eidfjord framleis skal vera eit attraktivt reisemål, må me også sjå på dei negative sidene som auka trafikk fører med seg. Norge har satsa stort på å få fleire til å satsa på elbilar. Om få år vil også mange utanlandske turistar nyta slike køyretøy. Ei stor utbygging av nye ladestasjonar må på plass. I Eidfjord kjem det åtte nye hurtigladepunkt neste år, og dermed kan vår miljøvenlege vasskraft koma endå fleire til gode

Cruisenæringa er også klar på at dei skal over på meir miljøvenleg drivstoff, men overgangen her vil nok ta ei tid. På kort sikt vil fleire gå over på LNG (naturgass) og litt fram i tid vil truleg hydrogen ta over som energikjelde. For å stimulera til raskare innfasing av meir miljøvenlege skip har Eidfjord hamn i lag med 10 andre hamner i Sør Noreg engasjert DNV GL (Veritas) til å utvikla eit program som gjer det mogeleg

Dette skal vera klart i løpet av neste år, og Eidfjord hamn har alt varsla rederia om at dette vert teke i bruk frå 2020.

Så langt har cruisesesongen hjå oss teke til i april og vorte avslutta i oktober. I 2020 vil me for fyrste gong også få eit anløp i slutten av februar. Dersom dette skal halda fram må nok tilbod om vinteraktivitetar også i større grad koma på plass.

I fleire år på rad har det vore stor utbygging av nye fritidshytter i Sysendalen.

Volumet tilseier no at dette vil gje grunnlag for fleire og nye arbeidsplassar, spesielt om dette kan kombinerast med aktivitetar retta mot gjestar som vil oppleva vår flotte natur enten det er sommar eller vinter.

Ein utvida sesong er noko som må til for å sikra lønsemd i reiselivsbedriftene slik at dei i større grad kan satsa på heiltidstilsette.

Kommunestyret i Eidfjord har i fleire år arbeidd med å få på plass ein ny komunedelplan for Sysendalen. Denne planen legg til rette for nye aktivitetar som krev tilsette året rundt, og har difor hatt full tilslutning i kommunestyret. Planen er litt i konflikt med «Regional plan for Hardangervidda», og må difor få si endelege avklaring i Kommunal-og moderniseringsdepartementet.

Til slutt vil eg takka alle som legg til rette og arbeider med turistane som kjem til Eidfjord. Eg veit det kan vera stridt enten du er på turistkontoret ein travel julidag, i kassa på butikkane eller bak rattet på ein buss opp Måbødalens. På ein eller annan måte har me alle eit ansvar for at turistane våre får ei god oppleving i Eidfjord. Det er gjestane som i stor grad er grunnlaget for alle arbeidsplassane i Fidfjord.

Eg ynskjer alle ei riktig god jol og eit godt  
nytt år

Anved Johan Tveit

-ordførar-

# Innhold

2	<b>Verdas beste reisemål - nesten</b>	21	<b>Kommunehuset er eit miljøfyrtårn</b>
4	<b>Nytt frå Eidfjord fjellstyre</b>	22	<b>Still going strong – Kulturkomitéen</b>
6	<b>Sommarsesongen 2018</b>	24	<b>Kyrkjeglytt i Eidfjordnytt</b>
9	<b>Populær app</b>	26	<b>Hardangerjøkulen Ultra</b>
10	<b>FJÅK chocolate AS</b>	27	<b>Åshild Djønne (39)Konsulent</b>
11	<b>Adventsfrukost</b>	28	<b>Portrett av Samson Instanes</b>
12	<b>Bygging av ny bygdaheim - status</b>	30	<b>Kjell Arild Kvale (65), nybakt pensjonist</b>
13	<b>Sommartur</b>	31	<b>Magdalena Zarzecka</b>
14	<b>Dinosaurprosjekt</b>	33	<b>Kreative produkt</b>
15	<b>Nytt frå Eidfjord ungdomsråd 2018/2019</b>	34	<b>Fjord og Fjellbygg a/s</b>
16	<b>Klimamånad november</b>	36	<b>Åsmund Brunvær Aarsand (27) Prosjektleiar for vatn og avlaup (VA) i Sysendalen</b>
18	<b>Digitaliseringa held fram på Lægreid skule</b>	39	<b>Temadag 1 og 2</b>
20	<b>Personvernombod</b>		

**Eid fjord Nytt**  
vert utgjeven av  
Eid fjord kommune  
5783 Eid fjord

**EidfjordNytt**  
vert utgjeven av  
Eidfjordkommune,  
5783 Eidfjord

**Redaksjonsnemn**  
Glenn Wiik  
Brynjulf Mugaas  
Geir Underhaug  
Lisbet B. Celik  
Margunn Lægreid

**Grafisk Produksjon:**  
**VOSS PRENTEVERK AS**

# Nytt frå Eidfjord fjellstyre



## Garnfiske for utanbygdsbuande?

I fjelloya § 3 står m.a;

Fjellstyret skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene.

Og i § 28 om fiske står m.a;

Fjellstyret kan gi løyve til å dra også anna slag fiske for dei som siste året har vore og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg – og som Kongen fastset grensene for – eller i bygd eller grend der innbyggjarane frå gamal tid har utøvd allmenningsbruk i allmenningen. Like eins kan fjellstyret gje slikt løyve også for andre...

§§ 3 og 28 er dei sentralt grunnlag for fjellstyret si forvaltning av fiskeressursane i statsallmenningen. Det er ein realitet at fiskeressursane ikkje vert utnytta fullt ut i alle vatn. Fleire vatn har god rekruttering som ofte fører til mykje små fisk og liten interesse for å fiska med garn.

Som det står i § 3 er føremålet til fjellstyret og å fremja lokalt næringsliv. Fjellstyret har sett eit potensial at turisthytter i og i nærliken av statsallmenningen kan auka sitt tilbod til sine gjestar gjennom å tilby garnfiske i statsallmenningen. Dette kan gjerast gjennom at fjellstyret opnar for sal av eit eige garnfiskekort for utanbygdsbuande i namngjevne vatn. Ordningsa kan innebera at turisthyttene held båt og dei garna som skal vera tillate å fiska med. Garnfiske er ein rett som hører til innbyggjarar med allmenningsrett, men at andre kan få slikt løyve når det ikkje går utover fiskerettshavarene eller er til skade for fisken i vassdraget.

Fjellstyret meiner å ha ganske god oversikt med kor garnfiske vert utøvd gjennom garnfiskerapportane. Det er meir varierande informasjon om korleis det står til med fisken i dei ulike fiskevatna. Her er det

Tekst: Gunnar Elnan



1. Bør fjellstyret kunna selja garnfiske-kort på vilkår til utanbygdsbuande?
2. Dersom du meiner ja på pkt. 1; Kva vatn ligg til rette?
3. Andre synspunkt

kanskje mange som sit med informasjon som kan koma fjellstyret til nytte.


Fjellstyret ynskjer å høyra på allmenningsbrukarane før det vert laga sak om moglegheit for utanbygdsbuande på vilkår kan dra garnfiske.

**Det fjellstyret spesielt ynskjer synspunkt på er;**

Fjellstyret bed innspel sendt inn seinast 1. februar til fjellstyre@eidfjord.kommune.no



## Nordmannslågen 1998-2018



## Reinsjakta

Fjellstyret hadde ei kvote på 102 fellingsløyve, det vart felt 39 dyr. Det meste av jakta føregjekk sør for Nordmannslågen og vest mot Viersla.

## Småviltjakt

Fjellstyret vedtok å opna for småviltjakt med bakgrunn i rapportar om mykje rype og takseringsresultat som viste 16,2 rype/km². Fjellstyret har kvote for kor mange ryper som kan fellast på dei ulike korttypane, førebels tilbakemelding frå jakta viser at det er felt 42 fjellrype og 40 lirype frå tilsaman 154 rapportar. Mykje därleg ver i september-oktober gjorde jaktforholda vanskelege, og har nok bidrige til at det er felt lite rype.

## Garnfiskerapport

Årets garnfiskerapport viser samla oppgang i fangstane sjølv om fiskeinnsatsen, målt som garndøgn, er om lag lik med 2017.

I Tinnhølen har fangstane teke seg opp sjølv om fangstnivået samla er gått ned fra 2017.

I Nordmannslågen har fangstnivået og fangstane auka samanlikna med dei 5-6 siste åra.



*Handlegled!*  
**OVER 30 BUTIKKAR  
UNDER SAME TAK**

OPNINGSTID 10-19 (18)  
MENY 8-21 (20)

God jul &  
godt nyttår!  
Mykje å gle seg til. Alltid.

**AMFI**  
VOSS

HARDANGERVEGEN 25  
AMFI.NO/VOSS

**NORSK  
NATURSENTER  
HARDANGER**

Norsk Natursenter Hardanger  
5784 Øvre Eidfjord, Norway  
www.norsknatursenter.no

# Nytt frå Destinasjon Eidfjord

## SOMMARSESONGEN 2018

No skal me snart ikkje berre snakka om sommarsesongen i Eidfjord lenger, for no er det «NEW SEASON» som gjeld, også i Eidfjord!

### Go viking in the fjords

Landsdelskapet Fjord Norge AS skal gjennom målretta internasjonal marknadsføring bidra til auka trafikk og sesongforlenging og dermed tilrettelegga for betra lønsemd i reiselivstilknytta

verksemder i regionen. Fjord Norge lanserer tida mellom oktober og april som den nye sesongen på Vestlandet. «Go Viking in the fjords», er det nye slagordet, og det jobbar me med i Eidfjord også, for også me treng å utvida sesongen vår.

**Sjekk den flotte filmen til Fjord Norge på nettsida <https://no.fjordnorway.com/go-viking-in-the-fjords> og les det dei skriv om den nye sesongen:**

### Den nye sesongen våkner!

Høsten setter et brått og mørkt punktum for sommeren. Høstvinden jager etter trærne og rocker opp sjøen. Regnet vasker ned fjell og by. Mørket overvinner og spiser opp den lysere årstiden. Den direkteslalende vinterkulden kan være nådeløs og snøen teppelegger alt den ser uten samvittighet. Fra oktober til april forandres betingelsene for hvordan både naturen, byene og menneskene lever og oppleves her i vest. Fjordene, byene, menneskene

Tekst: Marit Stadheim



Dear Norway: «Streetart» framfor turistkontoret ein morgon me kom på jobb. Fotograf: Heidi Kvamsdal

og attraksjonene er de samme – men i en annen innpakning. Råere og renere. Tøffere og hardere. Ærligere, ekte og sann. Høst og vinter og tidlig vår. Dette er årstidene som ofte tar deg nærmere det de fleste forbinder med Vestlandet og vestlendingen.


Å dra hit på denne tiden av året gir opplevelsen en helt annen dimensjon, for ingenting er vakrere enn det mørke, dramatiske og mystiske. Møt vestlendingene – vikingenes etterkommere. Prøv lokalmaten, inspirert av naturen og tradisjoner. Utforsk Bergen – byen mellom syv fjell, hjem til Bryggen og inngangsporten til fjordene. Opplev Flåm og Nærøyfjorden, som er på UNESCOs verdensarvliste. Ta Flåmsbana eller Loen Skylift, dra på vintereventyr i Myrdalen eller på guidet tur til Trolltunga!

**Opplev Fjord Norge mellom oktober og april!**  
**Go Viking in the fjords.**

### Nok ein rekordsommar er over

Det er interessant å sjå kor mange som går inn dørene på turistkontoret i løpet av ein sesong! Og kundeteljaren vår har tallt: 152.419 personar gjekk inn dørene våre i perioden frå april tom oktober 2018, det er 19% fleire enn i fjor. Dette seier litt om kor travelt det har vore i skranken i sommar, ikkje berre på cruisedagar. Også på ein heilt vanleg sommardag utan cruisehestar kan det vera over 1.000 gjestar innom turistkontoret på ein dag!

Sjølvsagt er det slik at ein stor auke i antal cruisehestar påverkar talet, og det at me også sel billettar og aktivitetar til cruisehestane, gjer at det er ekstra travelt i skranken. Me har hatt 88 cruiseanløp med totalt 133.636 passasjerar som har besøkt Eidfjord mellom 2. april og 23. oktober i år. Me kan røpa at me har seld billettar og aktivitetar til både cruisehestar og andre gjestar over skranken på turistkontoret for meir enn 6,3 mill kr, det er 50% meir enn i fjor! Og me kan vel seia at 90% av denne omsetjinga går til Eidfjord-bedrifter. Hurra for oss og sommarhjelpane våre! Me ser for oss at eit godt fungerande bookingsystem, der gjestane kan bestilla aktivitetar og billettar online, er noko me må jobba med i framtida.



Vøringsfossen: Visningstur med European Cruise Service 13. november.  
Fotograf: Marit Stadheim



Vøringsfossen: Visningstur med European Cruise Service 13. november. Fotograf: Marit Stadheim



Utbrygginga ved Vøringsfossen og fantastiske fornyingar ved Norsk Naturcenter er store ting som har skapt og fortsatt skapar auka interesse for destinasjonen. Når me i tillegg får fleire nye, mindre nisjeprodukt å tilby i bygda vår, er alt dette med på å

dra fleire både dagsbesøkande og overnattingsgjestar til Eidfjord. Det er ikkje utan grunn at me i haust vart nominert til Seatrade si utmerking «Destination of the Year 2018» og fekk 2. plassen, berre slegen av Dubai!

Og me må jo visa fram det me har å tilby! Me har i eigen regi eller i samarbeid med Visit Hardangerfjord og Fjord Norge også i år gjennomført fleire visningsturar og møte med turoperatørar, presse- og filmfolk, reisebloggarar og andre både frå inn- og utland. Når desse inkluderer og skriv om Eidfjord så vert det sjølv sagt god reklame for bygda vår.

Tal kommersielle overnattingar på hotell og hytter/camping i Eidfjord viser god vekst i 2018, både i forhold til i fjor og året før. Det same gjeld losjiinntekt og omsetning pr seld hotellrom. Me tilrar å fylgja med på [www.statistikknett.no](http://www.statistikknett.no). Her kan ein søka opp Eidfjord, og velgja periodar/månader ein vil sjå nærmare på. Me må ta omsyn til at det var ein feil i rapporteringa til SSB i 2017, slik at det blir rettast å samanlikna 2018 med 2016-tala.

#### Ein sesong går fort – og no er det snart jol

Me i Destinasjon Eidfjord AS takkar for godt samarbeid og ser fram til fortsetjinga med alle avtalepartnerane våre som består av reiselivsrelaterte verksemder i og rundt Eidfjord.

Styret i Destinasjon Eidfjord består av dyktige folk som er aktivt med oss heile året: Britt Mona Eidnes (styreleiar), Bergljot Maria Veivåg, Steinar Rinaldo, Tor Fredrik Müller og Ivan Løvheim.

Me seier tusen takk til Helge Møller i Cruise Destination Hardangerfjord som også i 2019 vil jobba hardt for å få cruisejestar til Eidfjord og Hardanger.

Me takkar også dei flinke sommarhjelpene våre for ein flott sesong, både mannskapet på cruisekaien og vertane på turistkontoret. Me gler oss til neste sesong!

#### Me jentene på kaien ynskjer alle

*- Ei riktig god jolehelg og eit godt og framgangsrikt nytt år!*

# Populær app

Tekst: Johanna Maria Hereid

**O**ver 700 har lasta ned applikasjonen til Eidfjord kommune. Har DU lasta den ned på din telefon?

#### Kva er ein app?

Ein app er eit dataprogram som kan nytast på sokalla smarttelefonar.

På appen til Eidfjord kommune legg me stort sett ut dei same nyhenda som på heimesida og facebook, men du får varsel på telefonen med ein gong me legg ut noko nytt. I tillegg legg me ut nyhende og påminningar på store og

små aktivitetar i bygda vår som me trur innbyggjarane har interesse av. Denne appen er tenkt som ein kommunikasjonskanal for dei som ynskjer å motta informasjon frå Eidfjord kommune generelt, og einingane spesielt. Me har no hatt appen i drift i eit år, og ser at den vert meir og meir brukt både av kommunalt tilsette som legg ut informasjon, og av brukarar som lasta ned appen. Me kan ikkje sjå kven som har lasta ned appen, berre at antall brukarar stig kvar dag. Me får stort sett gode tilbakemeldingar på den frå brukarar. Det er kjekt!



## SLIK FUNGERER APPEN:

### KATEGORIAR

Når du har lasta ned appen klikkar du deg inn på kategoriar. Der finn du einingane alfabetisk opplista. Klikk deg inn på dei ulike einingane og legg til som favoritt om du vil ha varsling frå dei. Det kan vera lurt å legga alle til som favoritt i byrjinga, og så kan du justera etter kvart ved å ta vekk igjen informasjon du evt. ikkje ynskjer eller er relevant for deg. Prøv deg fram.

### NYHEITER

Klikk på nyheter når du vil ha informasjonen fram.

### SJØLVBETJENING

Her ligg ein del linkar til aktuelle bedrifter.

### BORGARMELDING

Her kan du meldia om mindre saker og observasjonar som går på tenestekvaliteten vår. Du kan velja om du står fram med fullt namn eller vil vera anonym, men me set pris på seriøse tilbakemeldingar. Borgarmeldingane vil koma til postmottaket vårt, og tiltak vil verta vurdert/sett i verk ut frå kommunens sine ressursar.

### BEACONS

Denne tenesta har me ikkje teke i bruk enno.

### SLIK FÅR DU TILGANG:

For å få tilgang til informasjonstenesta må du lasta ned ein APP frå Google Play, eller Apple store.

Appen heiter: Eidfjord kommune



## FJÅK CHOCOLATE AS

Tekst: Glenn Wiik  
Foto: Agurtxane Concellon

**F**jåk Chocolate AS starta i 2015 og mykje har skjedd sidan den gong. Agurtxane Concellon og Siv Hereid har bygd opp bedrifta med stor eigeninnsats, sans for kvalitet og talent for lekker presentasjon. Etter kvart har dei fått kontaktar over store delar av Noreg med om lag 50 utsal. Dei har også utsal i andre land i Europa, m.a. i Sverige, Frankrike og England.

I Noreg er det ikkje andre bedrifter som lagar sjokolade på dette nivået, men ute i den store verda er interessa og konkurransen stor, særleg i England, Canada og USA. 11 mai vart resultata frå den prestisjetunge konkurransen «Academy of Chocolate Awards» offentleggjort og

6 av Fjåk sine sjokoladeplater vart tildelt ein pris:

- 70% mørk Madagaskar – GULL
- 60% melk Madagaskar - SØLV
- 70% mørk Brasil – BRONSE
- 70% mørk tyttebær & reinsdyrlav – BRONSE
- Hvit tyttebær – BRONSE
- Karamellisert hvit pepperkake - BRONSE

Skal ein utvikla seg fagleg innan dette området, må ein reisa til utlandet. I mars

2017 var dei i Brüssel på kurs i konfektbling og i 2019 skal dei til London på kurs hjå International Institute of Chocolate med seinare påbygging. Så du skjøner at dette ikkje berre er leik med kakaobøner.

No håper dei på å flytta produksjonen inn i lokal til Hereid barnehage. For tida er produksjonen og lager spreidd på ulike stader i kommunen, noko som gjer alt tungvint og tidkrevjande.

Alt dei har tent så langt har gått til investeringar i bedrifta. Maskinene til produksjonen er kostbare og må hentast frå USA. Dei kostar mellom kr. 100 000 og 200 00 pr. stk. så her må ein tenkja seg godt om før ein trykker på bestill.



Målet på sikt er å utvida produksjonen og skapa fleire arbeidsplassar. Slik det er no klarer dei ikkje å dekka etterspurnaden.

I haust var dei i London og presenterte produkta sine på Craft Chocolate Market – og dei fekk gode tilbakemeldingar. Likeeins var det på oste-VM i Bergen. Her møtte dei personar som hadde høyrd om Fjåk og som sette stor pris på varene.

Fjåk er eit gammalt hardingdialektord og tyder visst noko slikt som elskelig, fjong, fin. Kjekt namn på eit flott handverksprodukt.

Du kan lesa meir på nettsida: [www.fjaak.no](http://www.fjaak.no). Dei er også på Facebook og Instagram.



## ADVENTSFRUKOST

Tekst: Anne Istad  
Foto: Svanhild Farestveit

God stemning på årets frukost i SFO. Foreldre og barn som møtte på SFO på fredag 30. november, vart møtt av fristande buffet med pålegg, salat av ulikt slag og brødmat. I SFO lokala var det både peisvarme, flotte ljós og dekorasjonar. Svanhild Farestveit i SFO meiner til og med at det kanskje er rekord i oppmøte i år – over 130 kom innom i løpet av hektiske morgontimar.





Utsikta kan ein ikke klaga på



Ljose og fine rom



Det er trivelege lokale i den nye bygdaheimen

## Bygging av ny bygdaheim – status

Tekst: Erik Sandvik  
Foto: Arne Bu

**D**et er no snart 1,5 år sidan me flytta inn i brakkerigg for å driva sjukeheimen medan bygging av ny sjukeheim foregår for fullt på den gamle tomta. Driftsmessig går det utrøleg bra og me merkar heller ikkje så mykje til at det er eit stort anleggsmøralde vegg i vegg. Det ser ut til å gå med dette bygget som så mange andre bygg, det vert noko forseinkingar når det gjeld innflyttingsdato. Me kjem ikkje inn i nytt bygg til jol. Det gjer ingenting – me har det fint her – og mange av brukarane våre er og glade for at me ikkje skal flytta før jol. Dei trivst godt i brakkeriggen.

Dei tilsette har kvar fredag tilbod om omvising på nytt bygg. Dette er eit poplært tilbod som dei som arbeider her er flinke å nyta seg av. Bygget byrjar å ta form no og romma er stort sett ferdige. Lokala er lyse og fine med mange vindauge som slepp lyset og naturen inn. Bygdaheimen får truleg bygdas «beste utsikt» og me gler oss til å ta bygget i bruk på nyåret.

Den nye bygdaheimen har 3 fløyer med bebarrom. Det har vore nammekonkurranse mellom dei tilsette og fløyene har fått namna Middagsnuten, Øktanuten og Onen. Aktivitetsavdelinga har fått namnet Osen og kontor- og kjøkkenfløy Hellefjell. Namna speglar retninga på avdelingane. Bygdaheimen får og ny adresse. Den ligg føre eit framlegg om Brotkanten, noko som er eit svært godt og naturleg namn synes me.

Det var lenge planen at me skulle flytta brukarane inn i nybygget før 1. desember. Entreprenøren vart noko forseinka i høve desse planane og me sat difor 3. desember som siste frist for overtaking for at me kunne få både ein god flytteprosess og jolafeiring i nytt bygg.

Etter at entreprenøren er ferdig med sitt arbeid gjenstår mykje arbeid som me skal gjere sjølv; me skal møblera fellesareala, me skal hengja opp bilete på veggane, gardinar for vindauge og mykje anna. Dette

arbeidet tar først til no etter 15. november og me har difor bestemt at brukarane skal flytta første veka i januar 2019.

Når me er kome i hus startar arbeidet med å riva den mellombelse sjukeheimen og bygginga av ti nye omsorgsbustader. Me reknar med at det meste av neste år vil gå med før me kan presentera eit fullt ferdig nytt omsorgssenter i Eidfjord kommune.

Me reknar med at det er mange eidfjordingar som er nysgjerrige på den nye sjukeheimen. Det har alt byrja å vera eit godt synleg merkebygg i bygda vår. Me vil no invitera alle som har lyst på besøk innandørs. Det vil difor vera arrangert «ope bygdaheim» måndag 17. desember, sannsynlegvis mellom kl 17 og 20. Nærare opplysningar vert lagt ut på kommunen si heimeside når det nærmar seg. Me som har hatt ansvar for bygginga gler oss til å syna det fram. Velkommen inn!

## Herrekubben

Tekst: Samson Instanes



Utflykt til Kraftmuseet. Foto: Hans Hellervang

I juli var Herrekubben i Eidfjord på utflykt i varmt og fint sommarver. Turen gjekk til Kraftmuseet i Tyssedal, der Toralv Mikkelsen tok i mot oss og guida oss gjennom dagen i Tyssedal og Odda.

Toralv Mikkelsen er tidlegare ordførar i Odda, no pensjonist (og hamnesjef på Ringøy kvar sommar!). Han gav oss ei god orientering om Kraftmuseet og industrihistoria til Odda og Tyssedal, noko me og fekk sjå på film. Det var ei oppleving både å sjå og høyra.

Seinare på dagen var me innom på Bokkotunet og kjøpte oss middag i kafeen der. Like i nærleiken, i Folgefondgata, ligg dei gamle industriarbeidarbustadane som er verna og er ein del av Kraftmuseet.

Brita Jordal, tilsett ved Kraftmuseet, gav oss ei levande skildring av korleis det var for dei første industriarbeidarane i Odda.

I det heile ein minnerik dag for dei i Herrekubben som hadde høve til å vera med denne dagen.

Minner elles om at Herrekubben ikkje er nokon «eksklusiv» forsamling, men ein uformell møtestad for godt vaksne karar.

Ta kontakt med ein av oss om du vil delta!

Ny App!

Få full oversikt med IHM-appen!

IHM

Her finn du:

- Tømmekalender
- Miljøstasjonar
- Hyttereturpunkt

ihm.no

Logg inn

No kan du enkelt sjekke tømmekalenderen på mobilen og få påminning når det er din hendedag. I den nye appen finn du også oversikt over hyttereturpunkt, miljøstasjonar og opningstider. Last ned appen i App Store eller Google Play. Treng du hjelpe til å laste ned appen, finn du rettleiarar på ihm.no eller du kan ta kontakt på telefon, så hjelper me deg.

På naturen si side

# Dinosaurprosjekt



Tekst og foto: Anette Lægreid

3. og 4. klasse har temadagar i lag.

Dei siste vekene har tema vore "Dinosaurar". Dei har arbeidd i grupper. Ei oppgåve var å lage ei utstilling, ei anna oppgåva var å lage ein PowerPoint om ein dinosaur. Til sist hadde dei framføring for 1. og 2. klassen. Lærarar Trude Brekke og Evy Prestegård.

## BOKSTAVFEIRING



Tekst og foto: Anne Istad

## BUNADSKURS

Tekst: Vibeke Johnsen / Fotos: Kristbjørg Aldal



Frå.v: Ingebjørg Myklatun, Marit Aurdal, Anne Myklatun, Svanhild Myklatun, Berit Viveliid, Anne Solfrid Hereid og Sigrid Bu

I dag fekk rektor eit veldig kjekt besøk på kontoret. Kontaktlærar Camilla Mehl og fagarbeidar Svanhild Farestveit kom med 1. klasse.

Me ville markere at 1. klasse no har lært alle bokstavane.

Rektor er veldig stolt, og synest det er stas med slike flinke elevar, og difor vart det peparkaker på alle saman.

I haust har Eidfjord husflidslag hatt kurs i saum av gutebunad. Instruktørar har vore Kristbjørg Aldal frå Voss og Berit Viveliid. Berit tok eit lynkurs hos Kristbjørg, så var ho klar til å hjelpe oss. Dyktig og flott gjort! 14 damer har sydd vestar, berre knappar og knapphol står att. Det har vore stort engasjement i gjengen og me er stolte av resultata!



Ståande frå venstre: Mathea, Teodor, Emilie, Torstein, Matilde. På hesteryggen: Oda, Eskil, Kristoffer, Hedda

## Nytt frå Eidfjord ungdomsråd 2018/2019

Tekst og foto: Bergljot Maria Veivåg

**V**al av nytt ungdomsråd vart halde på Eidfjord kommunale fritidsklubb onsdag 5. og fredag 7. september. Det var 25 ungdommar i alderen 13 – 18 som deltok i stemmegjevinga. Det nye ungdomsrådet er slik sett saman: Emilie Viveli Tveit (leiar), Teodor Stavanes (nest-leiar), Oda Medhus, Hedda Eriksen, Eskil fenne, Mathea Viveli, Torstein Herstad Wathne, Matilde Myklatun Hole (1. vara) og Kristoffer Holsen (2. vara).

Ungdomsrådet har i haust arbeidd med mellom anna oppgradering av ballbingen. Dei har løyvd pengar til utskifting av trevirke. I siste møte før jul løyvde dei også pengar til skifte av kunstgressdekke i ballbingen. Riving av trevirke skal skje på

dugnad i regi av ungdomsrådet og FAU, medan KTD skal stå for remontering. Kunstgressedekket kjem tidlegast i 2019.

Til Oslo og Hordalandsbenken Eidfjord ungdomsråd er også del av Hardanger Ungdomsråd. 4. desember reiser Emile og Oda saman med resten av Hardanger Ungdomsråd til Oslo og Stortinget for å snakka med Hordalandsbenken om utrykkingstid og plassering av ambulanse i distrikta.

Lang og tro teneste Håvard Sæbø er fyrste ungdom som har vore med i ungdomsrådet i heile 6 år. Håvard kom inn i ungdomsrådet skuleåret 2012/2013. Håvard har vore svært engasjert og har satt i gang mange

gode diskusjonar gjennom desse åra. Han har fått med seg fleire turar til Oslo og sett fleire stortingspolitikarar til veggs. Når han no var ferdig med vidaregåande og ikkje fekk vera med i ungdomsrådet lenger har han tatt turen til Bergen. Håvard tar no bachelor i musikkvitenskap ved Universitetet i Bergen. Men den politiske karriere er enno ikkje over, som vaksen har han meldt seg inn i Senterpartiet. Håvard seier at ungdomsrådet har gjort at han har fått innsikt i korleis det politiske systemet i Noreg fungerer, både gjennom deltaking på møte og gjennom dei faste turane me har vore til Oslo.

# Klimamånad november

Tekst: Timo Knoch

**F**ortredje året på rad har Eidfjord folkebibliotek arrangert Klimamånaden november, ei arrangementssrekke som sett fokus på klima og miljø. Klimamånaden har ei tredelt målsetjing:

1. Bevisstgjering av utfordringar knytt til klima og miljø til born og unge gjennom dyktige formidlarar.
2. Beslutningstakrar i politikk og næringsliv skal møta forskarar med fagleg tyngde.
3. Lokalbefolkninga skal møta engasjerte eldsjelar som er gode døme på korleis klimavenlege løysingar kan vera ein del av kvardagen.

Bjerknessenteret for klimaforskning har i alle åra vore ein god støttespelar og i år støtta òg Hordaland fylkeskommune si regionalavdeling dette haldningsskapande tiltaket. Årets program var difor det mest omfattande og varierte hittil!

Klimamånaden starta med Mette Nygård Havre og foredraget «Kan single bananar gjere deg til ein medveten forbrukar?».

Mette har fått masse merksemd etter at ho fekk matindustrien til å endra datomerkinga frå «Best før» til «Best før, men ikke dårlig etter». Målet er at betre informasjon ut til forbrukarane skal føra til positiv endring og reduksjon av matsvinn. Med på arrangementet var Katinka Kilian frå Ulvik andelslandbruk der drifta skal skje på ein ansvarleg og varsam måte som tek vare på miljøet både for noverande og framtidige generasjonar. Mangfald i åkeren, eit sunt jordliv og ein produksjon basert på krinslaupstankegang, samt eit lågast mogleg økologisk fotavtrykk står sentralt.



I andre veke i november vitja Christian Stejskal Eidfjord med multimediaforestillinga Mitt nabolag, ei historie om ei pilegrimsferd på 7000 km frå Wien via Jerusalem til Kairos Søppelby. Her budde Christian Stejskal blant Zabaleenerne, Kairo's uoffisielle kristne søppelarbeidarar samstundes som han livnærte seg som violinist ved operaen i Kairo.

Klimamånaden held fram med Håvard Haarstad, professor i samfunnsgeografi og senterleder for Senter for klima og energiomstilling ved Universitetet i Bergen. Han tok turen til Eidfjord for å halda foredrag for formannskapet og lokale aktørar frå privat sektor. Haarstad har nyleg gitt ut boka Grønn omstilling: norske veivalg (Universitetsforlaget, 2018, samredigert). Boka viser at omstillinga i Noreg ikkje kun er eit resultat av teknologisk endring eller utanforliggjande krefter - den vert forma av dei vegala me tek.

Barnetrinnet på Lægreid skule og dei eldste borna i barnehagen fekk æra av å vitja verdspremieren av teaterstykket Bjørnis og dei raude prikkane av teaterkompaniet

Fnugg Teater som er basert på biletboka med same tittel. Den vesle isbjørnen Bjørnis bur saman med selar, fiskar, ismåkar og snøkrystallar langt oppe i nord. Men ein dag får Bjørnis vondt i magen og oppdagar raude prikkar i maten sin! Han bestemmer seg for at han må prøva å redja heimen sin, og få ein slutt på dei raude prikkane som øydelegg all maten deira! Seinare på dagen i ein annan forstilling tok vassmolekylet Splæsj og venene hans elevane med på ein tur gjennom vatnets kretsløp og dei fekk svar på kva eigentleg skyar er og kvifor det regnar så mykje i Bergen. Lina Taule Fjørtoft og Haflidi Arnar Haflidason i Fnugg teater var allereie i fjer med på Klimamånad november med produksjonen Frida og Professor Vinter og dei brukar teater til å formidla historier om klima og miljø på ein særspanande og stemningsfull måte.

Klimamånaden vart avslutta med Mari Fjalstad Jensen som er forskar ved instituttet for geovitenskap og tilknytta Bjerknessenteret for klimaforskning. Ungdomstrinnet på Lægreid skule var heldig og fekk oppleva skuleturnéen, eit

klimaforedrag frå ein ung skulert forskar frå UiB om klima i verda i dag, om klimaforsking og om kva som skal til for å nå klimamåla. Skuleturnéen er ein del av prosjektet 2°C, som Bjerknessenteret og Norsk Klimastiftelsen har samarbeidd om i mange år. På kveldstid delte Mari sine erfaringar frå feltarbeidet på Grønland. Høgt oppe på Grønlandsisen, 75°N og 2700 meter over havnivå, arbeidde ho saman med andre norske og internasjonale forskarar på forskningsbasen EGRIP. Her borer dei ein iskjerne for å læra meir om klimaendringar og rørsla til Grønlandsisen som kan fortelja oss om fortidens klima, heilt opp til 130 000 år tilbake i tid. Med seg hadde Mari ein lokal polfarar, Kari Varberg Øydvin. Ho har kryssa Grønlandsisen to gongar og seinast i sommar var ho og familién på kajakkтур på Grønland!

Eidfjord folkebibliotek takkar alle bidragsytarar, lokale samarbeidspartnarar, Hordaland fylkeskommune og ikkje minst publikum for å setja eit viktig tema og vår tids største utfordring på dagsorden!



VI STØTTAR NÆRINGS-  
OG SAMFUNNSUTVIKLING  
PÅ VESTLANDET

SPV

I generasjonar.  
For generasjonar.

SparebankenVest



Office 365 Teams – kurs i november

## Digitaliseringa held fram på Lægreid skule

Tekst og foto: Anne Istad

Lægreid skule er stadig i utvikling innan IKT, noko som er positivt for både elevar og personalet. Vi har i haukt arbeidd mykje med å få implementert Office 365 Teams i undervisning, og i bruk som arbeidsverktøy for alle.

Dette er eit nybrotsarbeid, då få skular arbeider med dette i Noreg. Me var difor svært glade for at me fekk Geir Andre Bakke i Evry med på laget. Han har tatt turen til Eidfjord fleire gongar, og har kursa oss i Office 365 Teams. Det har vore lærerike økter, der begge partar har lært av kvarandre og sett pris på samarbeidet!



Kari Sissel, Hilde Anette og Helene – erfaringsdeling i praksis



Fullt fokus

Etter planen skal Evry fylgja oss opp våren 2019, noko som me er svært positive til.

Eidfjord kommune har samarbeid med Kvam og Ulvik innan IKT, og i oktober fekk me besøk av rektor og lærarar frå Tørvikbygd skule for å dela erfaringar om Office 365. Det er kjekt at me kan ha samarbeid på tvers av kommunegrensene, og me håpar at dette er noko me får til meir av.

Før sommarferien søkte Lægreid skule om å få vera med på ordninga om desentralisert kompetanseutvikling (DEKOMP). Me var den einaste skulen i Hardanger Voss kompetanseregion som søkte, og gleda var stor då me i haukt fekk beskjed om at me er plukka ut. Høgskulen på Vestlandet vert vår samarbeidspartner, og saman skal me arbeida med utviklingsområde, og sjå på korleis me kan utvikla skulen dei neste åra.

Det har allereie vore gjennomført eit bli kjend møte med høgskulen, og der begge partar fekk drøfta mogelege vinklingar på vidare arbeid. Her er noko av det høgskulen skreiv på bloggen sin etter at dei hadde vore på besøk hos oss:

### Framtidens digitale skole er NÅ

Vi hadde flere interessante diskusjonspunkt i vårt første møte, og noe av det



Geir Andre Bakke, vår dyktige kurshaldar frå Evry

vi fikk med oss var at Lægreid skole er en skole som er digitalisert! De har programering som valgfag, kodetimen har de hatt i flere år og de arbeider framtidssrettet med visjoner, holdninger og handlinger. De har masse utstyr og et personale som bevisst arbeider med (og uten) digitale redskaper.

**Les meir om samarbeidet på bloggen:**  
<https://blogg.hvl.no/dku/>

## Faktarute om Evry

EVRY er ei leiande nordisk IT-teneste og -programvareselskap med meir enn 10 000 kundar i privat og offentleg sektor. Over fem millionar menneske i Norden bruker dagleg løysingar levert av EVRY. Gjennom eit sterkt lokalt nærvær og med djup teknologisk og forretningsmessig innsikt er EVRY ein pådriver i kundenes innovasjon og fornying.

Som Noreg sitt største IT-selskap har EVRY omfattande leveransar til norsk og nordisk næringsliv, finanssektoren og offentlege verksemder innan stat, kommune og helsesektor.

## Desentralisert kompetanseutvikling (DEKOMP)

Styresmaktene har lagt til rette for nye desentraliserte ordningar for kompetanseutvikling, både for skule- og barnehagesektoren. Eit overordna mål for den desentraliserte ordninga er å bidra til at skuleeigarane kan oppnå følgande mål for grunnopplæringa:

- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Elevane skal meistra grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføra vidaregåande opplæring

Kompetanseordninga skal bidra til å styrkja samarbeidet mellom lærarutdanninga og praksisfeltet og utvikla UH-sektoren si rolle som utviklingsaktør i skulen.



Tore Anton Tellevik

## Personvernombod

Tekst: Personvernombod, Tore Anton Tellevik

**M**ange har kanskje fått med seg uttrykket GDPR. Dette er ei felles personvernlovgiving som gjeld for heile EU/EØS området, og i juli i år vart dette gjort til gjeldande lov i Noreg gjennom den nye Personopplysningslova.

Noreg har hatt ei ganske god lovgiving på dette området tidlegare, men den nye lova klargjer og styrkar dine rettar knytt til dine personopplysningar. Personopplysningslova gjeld all behandling av data, det vil seie at både offentlege og private verksemder må retta seg etter denne lova. Lova stillar og krav til at mellom anna offentlege verksemder skal ha eit personvernombod.

Eidfjord og Ulvik kjøper denne tenesta av Kvam som har tilsett Tore Tellevik i stillinga som personvernombod. Han kjem frå stillinga som IT konsulent i Kvam herad, der han har 15 års erfaring frå IT avdelinga i heradet. Han har 2 års utdanning innan IT, og har og utdanning som barnehage-lærar. Tore har og vore hovudtillitsvald i IT forbundet og DELTA i Kvam sidan 2006.

Personvernomboden kan kontaktast dersom du har spørsmål som omhandler personvern. -Dette gjeld både innbyggjarar og tilsette. Eg skal mellom anna syta for at kommunane følgjer krava i Personopplysningslova. Det er viktig at innbyggjarane har tillit til at kommunen handsamar opplysingane på ei trygg måte.

I veldig korte trekk gjev lova deg som innbyggjar rett til å veta kva data som er lagra om deg, kva formålet med registreringa er, korleis data om deg vert brukt og kven som har innsyn i dine data. Personvernomboden kan rådgje både innbyggjarar og tilsette i dei einskilde kommunane

Eit tips er å lesa gjennom personvernklæringa som alle kommunar etter kvart skal ha fått på plass.

Du kontaktar personvernomboden via tenestetorget, eller du kan ta direkte kontakt anten via telefon eller epost.

# Kommunehuset er eit miljøfyrtårn

Tekst: Timo Knoch

**K**limaendringar er vår tids største utfordring, og behovet for synlige vermekiddel i klimapolitikken er veksande. Miljøfyrtårn er eit konkret og effektivt verktøy for sertifisering og miljøleiing, der formålet er å heva miljøprestasjonane. Akkurat i tide til 30-års jubileet vart kommunehuset sertifisert, men som sertifisøren påpeikte, det er faktisk først no arbeidet byrjar...

I prosessen fram til sertifiseringa som Miljøfyrtårn har ein kartlagt det noverande karbonfotavtrykket av einingane på kommunehuset gjennom energi- og anna ressursforbruk, avfallshandtering og

transport. Eit anna viktig aspekt for å verta sertifisert som Miljøfyrtårn, er rutinar for arbeidsmiljø og helse, miljø og tryggleik. Målet framover er å redusera forbruk av straum og fossil brensel, auka sorteringsgraden for avfall og styrkja miljøaspektet ved innkjøp av varer og tenester.

Norske kommunar er viktige aktørar for å redusera klimagassutsleppa i Noreg. Det kan dei gjera gjennom eiga drift, og dei kan gjera det gjennom å påverka andre aktørar. Per i dag er berre kommunehuset miljøsertifisert. Men den årlege klimarekneskapen og konkrete klimahandlingsplanar vil bli klare og tydelege

verktøy som kan betra miljøprestasjonen og hjelpe kommunen som organisasjon til å møta klimautfordringane lokalt gjennom å feia for eiga dør. Samstundes er offentleg sektor ein stor og viktig innkjøpar med marknadsmakt og stort potensiale til å nyttja sin posisjon til å stilla miljøkrav ved kjøp av varer og tenester.

Kommunehuset skal bokstaveleg talt vera eit miljøfyrtårn i Eidfjord, vera synleg og gå foran med eit godt eksempel som forhåpentlegvis både innbyggjarar og det lokale næringslivet vil fylgja og støtta opp om!



# Still going strong – Kulturkomitéen

Tekst og foto: Kulturkomiteen

## Romjolsunderhaldning for 10. gong

Etter at Eidfjord Kulturkomité i fjor høst markerte dei ti fyrste åra sine, er det no i jola tid for endå eit jubileum. Det var nemleg i 2009 at den privatdrivne Kulturkomitéen for fyrste gong arrangerte romjolsunderhaldning for beubarane på Bygdaheimen.

Me får tru at denne tradisjonen har vorte ei koseleg oppleving for våre eldste, men det er først og fremst alle dei underhaldarane som i fleire år har nytt romjola til å glede dei eldre, som har gjort jobben. I fjor var sju frå Toneskredo, ti frå Seniordansen og ni andre, i alt 26 eidfjordingar på plass for å skapa liv og røre desse romjolsdagane. Fantastisk!

Me skal nemna dei alle, for dette set me og Eidfjord stor pris på: Songstund v/ Linda Vestli, Toneskredo v/ Jon Kjerland, Gunn Karin Aurdal, Reidar Gjøtterud, Karin Gjøtterud, Marit Bremnes, Marte Seip, Sigrid Bu, Seniordansen v/ Ragnhild Herstad, Johanna Maria Nesheim, Aud

Røise, Karen Lægreid, Kjellfrid Myklatun, Gudrun Hereid, Solveig Tveit, Astrid Eide, Brita Tveit, Mary Herland, songstund og toradar v/ Johanna Maria Nesheim, Einar Nesheim, Johanna Håbrekke, trekkspeldag v/ Egil Johannessen, Reidar Eidnes, Leiv Anders Vambheim. (Skulle me her mangla noko namn eller ha skrive eit namn feil, ber me om orsaking.)

Våre eldre fortener berre det beste, og etter ein god jolemiddag og kaffistund er det kjekt å kunna samlast til underhaldning klokka 16.30. Det er godt og spennande når det skal skje noko, og mange har nok stor forventning.

Når du no held dette nummeret av Eidfjordnytt i handa, er me komne tett inn på jola, og me vonar me har klart å få underhaldarar til flest mogleg av joledagane. Men kunne du tenkja deg å bidra med noko, så tak for all del kontakt med Kulturkomitéen; (kulturkomiteen@outlook.com), eller éin av dei fire deltakarane i komitéen; Samson, Hans, Gunnvor eller Lars.

## Kva går elles føre seg?

Hovudelementet i komitéens arbeid er å arrangerer ein underhaldningsettermiddag på Bygdaheimen kvar einaste månad. Det siste året er det særleg fem underhaldarar som har vore på plass, og det er fem riktig trivelege og flinke artistar. Dei fem er Arne Mørch frå Hønefoss, Leif Inge Thormodsæter frå Kristiansand, Gudmund Furu og Arne frå Voss, Fredrik Elholm frå Åsane og Kurt Hatten frå Alversund.

Samson Instanes og Hans Hellevang frå komitéen har saman med vår hjelpar Svein Hop vore til stades som vertar. Stundom har Kulturkomitéen også eit og anna større arrangement utanfor Bygdaheimen. Då er det arrangement retta mot alle vaksne eidfjordingar.

Med jolahelsing frå Kulturkomitéen og Rudolf Reinsdyr



Tidlegare innslag på Bygdaheimen, Arne Mørch med Minnenes Melodier og Edgar Paulsen med Jim Reeves-program.

**coop  
marked**

## OPNINGSTIDER

22.12.2018	kl 09.00-16.00
24.12.2018	kl 09.00-12.00
25.12.2018	stengt
26.12.2018	stengt
27.12.2018	kl 10.00-17.00
28.12.2018	kl 09.00-20.00
29.12.2018	kl 09.00-16.00
30.12.2018	stengt
31.12.2018	kl 09.00-14.00
01.01.2019	stengt
02.01.2019	kl 15.00-18.00 grunna vareteljing

Me ynskjer alle våre kunder velkommen til ein hyggelig jolehandel!

**Norconsult**

Norconsult Hardanger og Voss leverer bygg- og anleggsrelaterte ingeniørtenester samt arkitekt- og plantenester. Me er for tida 26 tilsette og har kontor i Eidfjord, Odda og på Voss. Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samtale og be oss gjerne om pristilbod på arbeid du vil ha utført.

[www.norconsult.com](http://www.norconsult.com)



Klausabakken barnehage, Voss kommune  
Kontakt Eidfjord:  
Lægreidsvegen 2A (Sentrumstunet)  
5783 Eidfjord  
tlf: 53 64 70 88/ 95 75 88 06  
epost: endre.lægreid@norconsult.com

Modnen barnehage, Eidfjord kommune



Norconsult

**FJELL & FJORD HOTEL**  
ønsker deg en riktig

# God Jul

og et Sutalaust & Kjekt Nytt År.

Vi håper å se deg igjen som gjest i 2019!






Med vennlig hilsen husfruen og gjengen.

Eidfjord Fjell & Fjord  
[www.eidjfjordhotel.no](http://www.eidjfjordhotel.no)

 **Statkraft**

Statkraft er størst i Europa innan fornybar energi.

Konserten produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane. Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg.

Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikehaldsansvar av alle Statkraft sine anlegg i Hardanger.

Totalt Hardanger: 1870 MW / 6500 GWh

Med dagens kraftpris representerer dette ei verdiskaping tilsvarende 2 Mrd/NOK/år. Kraftverksgruppe Hardanger har 50 tilsette og 5 lærlingar.

Statkraft kjøper varer og tenester i regionen for store summar kvart år, og er ein aktiv støttespelar i høve til idretts- og kulturlivet i Hardanger. Vertskommunane til Statkraft har òg store inntekter kvart år frå skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.

[www.statkraft.no](http://www.statkraft.no)



Åsmund Aarsand er eit pedagogisk naturtalent. Foto: Tone Felle Nesheim

## Kyrkjeglytt i Eidfjordnytt

Tekst: Tone Felle Nesheim

**M**ange spør kva som skjer med Eidfjord kyrkje når me ikke har prest? Der kan me trygga dykk med at me har prest, to til og med!

Tom Sverre Tomren tar turen frå Osterøy og er vår faste søndagsprest. Tom Sverre er utdanna prest, men jobbar til dagleg som førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet. Me har ved eit par høve også fått låna John Ove Thaule frå Voss og Jonny Roy Knudsen frå Norheimsund.

Treng me prest elles i veka, er Jostein Skutlaberg ikkje langt borte. Han bur i Øystese, og er vikarprest i Ullensvang, Kinsarvik og Eidfjord. Han har kontortid i Kinsarvik og Eidfjord fleire dagar i veka. Dei jobber vidare for å få til ei løysing. Han har også ansvar for gravferder.

### Kva skjer med prestestillinga?

Prestestillinga i Eidfjord og Kinsarvik har no vore lyst ut to gongar utan at det har kome søkjavar. Me er i same båt som mange andre. Fleire stillingar står ledige, men det eksisterer nesten ikkje søkjavar. Dette er

sjølv sagt ein svært uheldig situasjon for kyrkjelydane som står utan fast prest. Det er bispedømekontoret som har ansvar for den utfordrande oppgåva å tilsetja prestar. Dei jobber vidare for å få til ei løysing.

### Barne- og ungdomsarbeidet

Kva med konfirmantane lurar du kanskje på? Dei er også i trygge hender. Likeeins minikonfirmantane. Barne- og ungdomsarbeidet i Ullensvang, Åsmund Aarvik har tatt på seg ansvaret for undervisninga. I lag med vår eigen Manuela Bjotveit går dette



Manuela og ministrantar. Foto: Tone Felle Nesheim

som smurt. Fleire av konfirmantane kjenner nok Åsmund frå minikonfirmantleir. Han har også vore med oss på pilegrimstur.

Har du møtt Manuela? Manuela er tysk og har budd i Noreg i mange år. Ho er godt og lykkeleg gift på Bjotveit og har 4 born. Manuela tok over stafettspinnen etter Elise, og er i full swing med all slags aktivitetar.

Småbarnskaféen er open kvar onsdag og Bibelknöttene har sine faste samlingar.

Vetlaskredo er på hugget slik dei alltid pleier å vera. Kvar torsdag øver dei saman med Manuela og Kris. Inger Kristine Riber har også vore gjesteinstruktør der.

Sjå gjerne Eidfjord kyrkje si heimeside, der finn du meir informasjon om dei ulike aktivitetane. Mykje kjeikt finn du også på Eidfjord kyrkje si facebookside.

Bli med på det som skjer i kyrkja, her er det fint å vere!

Juniorleiarane er allereie i full sving med sin praksis under kyndig rettleiing av Manuela. Dei gjer ein god jobb og blir også med på leiarar utover våren.

Som de forstår har Manuela mange jern i elden. Ho planlegg også Tårnagenthelg i kyrkja i januar. Utpå forsommaren er det tid for Natur-kultur.

Juniorleiarane er allereie i full sving med sin praksis under kyndig rettleiing av Manuela. Dei gjer ein god jobb og blir også med på leiarar utover våren.

Sjå gjerne Eidfjord kyrkje si heimeside, der finn du meir informasjon om dei ulike aktivitetane. Mykje kjeikt finn du også på Eidfjord kyrkje si facebookside.

Bli med på det som skjer i kyrkja, her er det fint å vere!

## KOM I JOLESTEMNING MED OSS I KYRKJA

Dette skjer i jolemånaden:

**2. DESEMBER KL. 18.00**  
Ljosmesse v Tom Sverre Tomren, Vetlaskredo, konfirmantar og minikonfirmantar

**5. DESEMBER KL. 10.00**  
Jolevandring/barnehagegudstene v Manuela Bjotveit og Jostein Skutlaberg

**10. DESEMBER KL. 12.25**  
Advents-gudsteneste v Jostein Skutlaberg og Manuela Bjotveit

**16. DESEMBER KL. 18.00**  
Jolakonsert med Toneskredo. Inngang kr. 200,- Born i grunnskulen gratis.

**JOLAFTAN KL. 16.00**  
Gudsteneste v Tom Sverre Tomren

**1 JOLADAG KL. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste v Tom Sverre Tomren

**NYÅRSAFTAN KL. 16.00**  
Gudsteneste v Tom Sverre Tomren

Følg med på heimesida vår og på Facebook. Kven veit? Kanskje vert det jolatrefest etter nyttår...



**Sandehytter Vest AS – Øvre Eidfjord**  
**Lokalt selskap som leverer nøkkelferdige hytter i Sysendalen.**

Utviklingen av nye hyttefelt fortsetter sommeren 2017; Rypelia, på solrike, nordsiden av Rv-7 mellom Garen og Maurseth Leiro, Flotte tomter øverst i dalen, like før bommen til Hardangervidda. Vi har hytter under bygging som kan fremvises til enhver tid.

For mer info. kontakt:

**PARADIS EIENDOMSMEGLING AS, PARADIS.**

Tlf.: 5560 4032 - Mobil: 9341 1748 - E-mail: [perry@paradiseiendom.no](mailto:perry@paradiseiendom.no)



## Hardangerjøkulen Ultra

Tekst og foto: Kai-Otto Melau

Xtremeid fjord er utrolig stolte av å kunne presentere et nytt løp på Hardangervidda – Hardangerjøkulen Ultra!

13. Juli 2019 er det endelig klart for det første offisielle Hardangerjøkulen Ultra. Løpet blir på 100k og deltakerne skal løpe rundt Norges fineste isbre. Start og mål

blir ved Vøringsfossen og underveis er man innom Rembesdal, Finse, Krækkja og Kjeldebu. Hele veien er man på fine stier, tett oppunder Jøkulen

«Dette er kanskje den fineste naturen Norge har å by på! Vi er utrolig stolte av å kunne invitere til det første offisielle løpet

i juli», sier en entusiastisk løpsløper Anita Fredheim Limstrand.

I sommer stilte 12 velvillige deltakere opp til et testløp. Ikke uventet var det Hallvard Schjøllberg som var først i mål på tiden 12.57.06.


Påmelding åpner i Januar og mer informasjon vil bli lagt ut på nettsiden til Xtremeid fjord etterhvert.

Dette blir det tredje løpet arrangert av Xtremeid fjord. Fra før arrangerer man Hardangervidda Marathon og Åsnes Expedition Amundsen. Vi gleder oss til å kunne tilby nok et løp i fantastiske omgivelser.

[Mer informasjon om Xtremeid fjord og Hardangerjøkulen Ultra her:](#)



Xtremeid fjord har base i Eidfjord, Hordaland og er møteplass for alle som liker ekstremt utholdende konkurranser. Xtremeid fjord kjenner ingen grenser og tilrettelegger for alle ekstreme sportsarrangementer.



# Åshild Djønne (39) Konsulent

Tekst: Glenn Wiik



Åshild er den første du møter når du kjem inn hovuddøra på kommunehuset, og ho som svarer i telefonen når du ringer Eidfjord kommune. Kontakten med Åshild i luka eller på telefonen har mykje å seia for korleis kommunen som heilskap vert oppfatta.

Eidfjord kommune har hatt mange flinke folk i resepsjonen, og Åshild er intet unntak. Ho er serviceinnstilt, blid, tolmodig, hjelsam, høfleg og veldig hyggeleg. Og ho er godt kvalifisert for å utføra dei mange ulike oppgåvene som inngår i arbeidsdagen.

Utdanning har ho fått vidaregåande skule på Voss, marknadsøkonomi ved BI-Bergen og 2-årig journaliststudium i Bergen. Etter fleire år busett i Bergen, sluttet ho i jobben på Haukeland sjukhusapotek for å flytta heim. Før ho byrja i ny jobb i kommunen, har ho jobba for Hardanger Energi AS, Hardanger Økonomiservice AS og BH Bygg Eidfjord AS.

I tillegg har ho også hatt sommarjobb i Eidfjord kommune i resepsjonen så ho visste godt kva ho gjekk til. Alle jobbane Åshild har hatt har ein fellesnemnar – det å yta god service til kundane. Betre

grunnlag kan ein ikkje ha i jobben som ho no har og som starta 1. september 2018.

Åshild er ei engasjert dame. Ho har mann og 3 barn, ei på 14 år og tvillingjenter på 6 år. Fritida hennar går i hovudsak til aktivitetar der ungane deltek, samt at ho er med i blandakoret Toneskredo. Ho er gift med Frode Eriksen, og i lag med mange

flere tek det årvisse arrangementet Eidfjord småbanecup ein stor del av tida til familien. Ho seier sjølv at ho er «inngift» i Eidfjord småbanecup.

Elles er ho i vaksen alder blitt meir og meir glad i fjellet, både sommar og vinter. Og draumen om eiga hytte ligg der. Så kanskje ein gong?



### Sjel og gane - Bar og restaurant vil ynskja alle ei riktig god jo!

Me serverer ekte jolemat i eit jolepynta hus med sjel. I desember held me ope fredagar og laurdagar frå kl. 18, søndagar frå kl. 14.

Me tek imot lukka selskap og slutta lag.

Følg oss på Sjel & Gane - Bar og restaurant

Kokken Arthur AS // Riksvegen 12 // Tlf.: 932 57 370  
www.kokkenarthur.no // post@kokkenarthur.no



Samson og Marta på bytur. Foto: Magnhild Instanes

## Portrett av Samson Instanes



**M**e i Eidfjordnytt ønsker å skriva om personar som har utmerka seg i lokalsamfunnet innan nærings- og samfunnsutvikling og elles. Denne gongen er turen kome til Samson Instanes frå Brimnes.

Me møter ein hyggjeleg og stillfaren kar på kontoret til ein prat over ein kopp kaffi.

### Innleiing

Samson vart fødd på Brimnes i januar 1935. Då han skulle berast til dåpen, var det ikkje veg frå Brimnes til Eidfjord, fortel han. Samson vart då døypt i Kinsarvik. Han fortel og at han har budd på Brimnes heile livet. Han har vore knytt til landbruket både i oppveksten og seinare gjennom yrke og interesser. Kona hans, Marta, kjem ifrå Hålandsdalen i Fusa kommune. Også ho vaks opp på eit småbruk.

### Familietilhøve

Me spør om familietilhøve elles. Samson fortel at han har tre døtre og ein son. Den yngste dottera Magnhild bur i Kinsarvik og er tilsett i Sparebanken Vest. Ho arbeider både på Voss og i Kinsarvik. Dotter nummer to heiter Torunn. Ho har overteke garden og driftar denne saman med svigersonen Kjell-Rune. Den eldste dottera heiter Eli og har sitt arbeid ved økonomiavdelinga i fylkeskommunen. Samson er bestefar til Eli sine to jenter. Han fortel vidare at den eldste av borna, Geir, bur i Kvinnherad. Han er tilsett på økonomiavdelinga til eit firma som byggjer livbåtar (tidlegare Harding).

### Utdanning / arbeidsrøysle

Me spør så om utdanning. Samson fortel at han etter militærtenesta var elev ved Hagebrukskulen på Hjeltnes i

Tekst: Brynjulf Mugaas

Ulvik i 1957-58. Her møtte han Marta frå Hålandsdalen som arbeidde på kjøkenet på internatet der. Han meinte skulen var ein god lærestad, men det viktigaste han fekk med seg heim att derifrå var Marta, seier Samson bestemt.

Etter tida på hagebrukskulen pakta han, i lag med ein kamerat, ein gard på Lofthus i eitt år. Seinare var han tilsett som kontrollassistent ved Odda meieri med Eidfjord og delar av Ullensvang som arbeidsområde. I 1966 fekk han jobb som assistent hjå heradsgartnaren i Ullensvang. I 1969 vart det ledig stilling i Ullensvang på jordstyrekontoret. Samson sökte og fekk jobben. Her arbeidde han i 8 år med kontorstad i Kinsarvik. I 1978 vart han tilsett ved jordstyrekontoret i Eidfjord som

kontorstad i Kinsarvik.



Tur til Busete sommaren 2018. Foto: Magnhild Instanes

### Politisk verksemd

Me veit at Samson har lang fartstid innan politisk arbeid og ønsker såleis å få vite litt meir om dette. Samson kan fortelja at han har vore aktiv innan politisk verksemd sidan han kom med i Senterpartiet i storkommunen Ullensvang ein gong på 1960-talet. I 1976 vart han vald inn i Ullensvang heradsstyre. Eidfjord var på den tid ein del av Ullensvang, men frå 1. januar vart Eidfjord utskild som eigen kommune med grenser slik dei var før 1964.

I 1976 vart Samson med i ei nemnd som skulle førebu og tilretteleggja for at Eidfjord skulle verta eigen kommune. Ved val til den nye kommunen, hausten 1976, vart han medlem av kommunestyret her.

Han fortel vidare at han har vore ordførar i tre periodar (1984-1987, 1992-1995 og 1995-1998). Han har vore medlem i Senterpartiet sidan ein gong på 60-talet og var dessutan med i fylkesstyret til partiet nokre år, fortel han vidare. Han har elles vore aktiv i eit mangfold av komitear- og utval lokalt og interkommunalt.

Me spør om kva politiske spørsmål som har oppteke han og hendingar han minnast. Han nemner her bygging av Hardangerbru, spørsmål om Eidfjord som eigen kommune samt ulike vegspørsmål.

Elles vil han nemna opninga av Hardangervidda Natursenter 1995 der han fekk helsa på dronning Sonja. Han vil og sjølsagt nemna opninga av Sysendalen

Skisenter fordi dette var eit av hans første oppdrag som ordførar i Eidfjord kommune.

Han fortel at kona, Marta, styrde garden fordi arbeidet med politikk tok det meste av tida hans. Fram til 1984 hadde dei på garden drive både med husdyr og fruktodyrking, men frå det året gjekk dei over til berre frukt- og bærproduksjon. Og slik har det seinare vore.

### Hardangerbru

Me veit at Samson har hatt ei sentral rolle i samband med bygging av Hardangerbru og ønsker å vite litt om dette. Han fortel at spørsmål knytt til bru- og vegbygging har oppteke han mykje i den politiske kvarldagen. Han har, imidlertid, hatt god støtte av politikarar og andre både i eige og i andre parti og både i eigen og fleire andre kommunar. Det same gjeld og ulike offentlege etatar.

Då Vallaviktunellen vart opna i 1985 vart spørsmålet om bygging av bru over fjorden meir aktuelt. Same våren var alle ordførarane i Hardanger, vegsjefen og fylkesrådmannen samla til eit møte i Eidfjord. Det vart då vedteke å arbeida vidare med bruplanane. I 1986 vart A/S Hardangerbru skipa av kommunane Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik samt Voss.

Samson kan elles fortelja at tidlegare redaktør i Bergens Tidende, Kjartan Rødland, har forfatta ei eiga bok om

bra på oppdrag frå bruselskapet. Svært interessant lesing for dei som ønsker vita litt meir om spørsmål knytt til oppføring av Hardangerbru, seier han.

### Fritidsinteresser

Me spør så om Samson sine fritidsinteresser. Han fortel at han er svært interessert i historie. Han har samla dokumentasjon om eigarane og utviklinga på garden på Brimnes både frå eldre og nyare tid. Denne gardssoga har han trykt i bokform og gjeve til borna sine, fortel Samson. Han fortel og at han var leiar i bygdeboknemnda for boka som kom ut i 2010 og medlem i nemnda for bok om gamlekyrkja til jubileet i 2009.

Han fortel vidare at han er med i «Herrekubben». Her møtest nokre godt vaksne karar over ein kopp kaffi i 1-2 timer, syner filmar og pratar om gammalt og nytt ifrå Eidfjord. Dei har og utflykter til ulike stader i Hardanger. Han fortel og at han likar å arbeida med fruktodyrking. Han tek gjerne og turar til hytta på Fet og deira stølhus på Busete. Dei siste åra har dei nytta helikopter for å koma til og frå stølen.

### Oppsummering

Samson Instanes har lang fartstid innan politisk verksemd og har opplevd svært mykje i dei åra han har vore politisk aktiv både i kommunen og regionen. Han kan sjå attende på deltaking i spørsmålet om Hardangerbru samt større vegspørsmål. Han har og sjølvsagt opplevd fleire interessante nærings- og samfunnsprosjekt. Her kan m.a. nemnast bygging av nytt kommunehus og etablering av Hardangervidda Natursenteret (No Norsk Natursenter). Dette mangfoldige arbeidet tok mykje tid og kona, Marta, måtte ta ansvaret for det meste av gardsdrifta i denne tida. Samson har hatt og har mange varierte fritidsinteresser. Etter at han sluttar med politisk arbeid har han fått meir tid til å dyrka desse interessene.

Me har møtt ein kar som har hatt stor innverknad på lokalsamfunnet i si lange fartstid som politikar. Me takkar for ein hyggjeleg samtale og ønsker Samson og kona Marta alt godt for framtida.

## KJELL ARILD KVALE (65), NYBAKT PENSJONIST

**D**et er ein mann med variert og solid erfaring frå anleggsindustrien som no forlet Eidfjord kommune. Kjell Arild har arbeidd for kommunen sidan 2006, men har henta mykje relevant praksis frå tida i ulike firma gjennom eit langt arbeidsliv. Me kan jo nemna: 1973 – 1989 hos Statkraft som reparatør, 1989-1990 hos Tinfos i Tyssedal, 1990 -1992 utdanning ved Teknisk fagskule, 1993 – 1995 på Kollsnes med ilandføring av gass frå Troll-feltet. Etter det var han anleggseiar, først ved eit kraftverk i Setesdalen og deretter ved avlaupsreinseanlegg i Bergen med namn Sentrum Nord RA. Der sprengde dei ut to svære fjellhallar rett under høgbløkka til Handelshøgskulen. 1999 byrja Kjell Arild i Statens vegvesen der han jobba med drift og vedlikehald.

Han kom til Eidfjord kommune som leiar av kommunalteknisk drift ( KTD) i 2006 og har hatt mykje arbeid med kommunalt ansvar for alt av infrastruktur. Dei siste åra har det handla mykje om vatn og avlaup i samband med storstilt utbygging i Sysendalen. Her snakkar me om tunge maskiner, sprengstoff og omsyn til andre menneske og bygg i nærleiken og arbeidet må difor vera gjort på ein trygg og sikker måte. Dette er Helse, Miljø og Sikkerheit (HMS) i praksis, og Kjell Arild har skaffa seg solid kunnskap om dette feltet gjennom mange år i industribedrifter med høgt farepotensiale.

Men no er det altså slutt. Kjell Arild har imidlertid ikkje tenkt å gje seg i arbeidslivet. Han har oppretta einmannsfø-



Kjell Arild Kvale

retak og stiller seg til teneste for ulike oppdragsgjevarar som kan ha bruk for hans kompetanse og erfaring. Han har også sertifikat på det meste som rullar både på og utanfor vegar og ser ikkje bort ifrå at det kan verta oppdrag også for kommunen i framtida.

Det kjem ei tid for alt. No skal Kjell Arild nyta ei rolegare tid som pensjonist. Han kan ta oppdrag om han ynskjer det, eller kan nyta dagen saman med familie eller venner om han heller vil det. Fridomen til å disponera tida som ein sjølv ynskjer er eit fabelaktig gode. Me håper og trur at Kjell Arild har mange gode og aktive år i vente.

Tekst og foto: Glenn Wiik



Frå venstre: Anette Sæbø Lægreid,  
ordførar Anved J. Tveit, Hilde Voll.  
Foto: Geir Underhaug

## LANG OG TRU TENESTE I EIDFJORD KOMMUNE

Tekst: Elisabet Joleik

2 tilsette hadde no 25 år samanhengande teneste i Eidfjord kommune. Desse er: Anette Sæbø Lægreid og Hilde Voll.

29. november inviterte arbeidsgjevar til festmiddag for å markera dette, og få høve til å gje dei ei påskjønning for lang og tru teneste i Eidfjord kommune.

Etter 25 år hjå same arbeidsgjevar, har dei mykje erfaring og kunnskap. Det er til stor glede og nytte for oss som arbeidsgjevar og dei me yter tenester til. Me vil takka for innsatsen så langt og vonar me får nytta deira kompetanse i fleire år framover.



**Hardanger Økonomiservice AS**  
autorisert rekneskapsførarselskap · [www.hardanger1.no](http://www.hardanger1.no)

## MAGDALENA ZARZECKA (38) PSYKOLOG

Tekst: Glenn Wiik



Foto: Piotr Zarzecki

I august 2016 fekk Magdalena jobb som miljøterapeut innan rus og psykiatri på Voss. Hovudoppgåva var støttesamtalar med bruk av kognitiv terapi, og i oktober 2017 fekk ho lisens som psykolog i Noreg. Magdalena er medlem i Norsk Psykologforening.

For tida arbeider ho som sjølvstendig næringsdrivande psykologisk rådgjevar og kognitiv terapeut.

### Magdalena tilbyr:

- individuell samtaleterapi 50 min.
- ungdomar fra 13 år og vaksne
- depresjon
- sosial fobi
- panikkliding
- generell angstliding
- lågt sjølvbilete
- sjølvkritikk
- kommunikasjon i familielasjonar/nære relasjoner
- utfordringar knytt til innvandringsprosess

### Opningstid

- onsdag 9 – 17 (etter avtale)
- torsdag 9 – 17 (etter avtale)

Fra 2020 må alle kommunar i Noreg ha psykologtilbod. Dette er like viktig som alle dei andre helsetilboda me alt kjenner godt til. Det er difor på høg tid at psykisk helse får den merksem den fortener. Me er heldige i Eidfjord som alt har eit slikt tilbod.

## KOMMUNEHUSET 30 ÅR


Foto: Bergljot Maria Veivåg Tekst: Åshild Djønne



Måndag 26 november var det 30 år sidan Eidfjord kommune og helsehus vart offisielt opna.

Med flagget til topps vart det feira med rød løpar, kake og kaffi for bygdafolk. Byggherren tilbake i 1988, Møen og Saue, kom på besøk representert med Georg, Halldis og Synnøve Riber.

Det vart vist nyhetsinnslag frå Dagsrevyen, gamle glimt med bilet og avisartiklar frå 1988, og Halldis Riber las same opningstale som i 1988. Ei koslig mimrestund med mange eidfjordingar på besøk.



## UTESKULE

Tekst: Hilde Voll

Mellomtrinnet på Lægreid skule hadde «steinalderdag» saman med arkeologen Morten Kutschera i haust. Elevane skaut med pil og bøge på «villsvin», laga tau av hjortebain og knivar av flintstein.



Yesss!! Middagen er berga. Foto: Hilde Voll



Gapahuken vart berre heilt perfekt.  
Foto: Hilde Voll



Arkeolog Morten Kutschera fortel om flintsteinen sine allsidige eigenskapar.  
Foto: Hilde Voll,



Gapahuken er fint plassert i skogkanten.  
Foto: Evi Janita Helle



Å kunne laga tau av hjortebain var viktig  
for steinaldermennesket. Foto: Hilde Voll

## Kreative produkt

Tekst og foto: Liv Kristoffersen



Maya, Sondre og Mathea  
laga ein cellemodell  
som kake.



Malin, Tuktik og Åsmund  
laga ein cellemodell i gele.



Ida, Isak og Hedda laga ein  
cellemodell på plakat.

**Kreative produkt** er ein elevaktiv arbeidsmåte i naturfag for å variera teoriundervisninga i faget. 9. klasse har brukt arbeidsmetoden for å læra om celler. Det er kjekt og spennande å få laga noko. I arbeidet får ein mellom anna brukt strategiar som samarbeid, presentasjon, rørsle og kreativitet. I eit kreativt produkt er dei faglege elementa spesifisert, men ut over dette står elevane fritt til å bestemma materiell og form. Resultatet skal vera ein konkret modell av eit teoretisk emne i naturfag. Det ferdige produktet er vidare utgangspunkt for ein fagleg presentasjon for resten av klassen. Ikke ved bruk av PowerPoint, men ved at ein brukar det kreative produktet til å forklara temaet.



Byggern Eidfjord Byggevarer AS

### OPNINGSTIDER JOLA 2018

21.desember 08.00-16.00  
22.12.2018 til og med 05.01.2019 stengt

Me ynskjer alle våre kunder ei god jol og godt nyttår.

- Din lokale byggeleverandør av Hiba hus og Hiba hytter -

Me leverer det meste innan byggevarer, trelast, maling, verktøy, golv, baderomspannel, garasje, Marbodal kjøkken og Langlo garderobeløysing.

Ta turen innom din lokale byggeleverandør, for eit godt tilbod.

[www.byggern.no/butikker/byggern-eidfjord/](http://www.byggern.no/butikker/byggern-eidfjord/)



**Hardanger Energi AS**  
*Din  
Lokale kraftleverandør*

Få den beste avtalen lokalt ?

- og bidra til lokal verdiskaping

[post@kraft.hardangerenergi](mailto:post@kraft.hardangerenergi) Tlf 53 67 16 10

Ein del av:





# Fjord og Fjellbygg a/s

Tekst: Brynjulf Mugaas

## Innleiing

Me i Eidfjordnytt ønskjer å omtala personar som har etablert si eiga verksemder i bygda.

I sommarutgåva av Eidfjordnytt 2016 skrev me om Magdalena Zarzecka og Piotr Arthur Zarzecki. Dei etablerte verksemda si Fjord og Fjellbygg i Eidfjord i 2013. Dei kjem ifrå Białystok i Polen. Saman har dei døtrene Amelia på 10 år og Emilia på 8 år.

Magdalena har mastergrad både innan leiing og psykologi. Ho har no etablert si eiga psykologisk rådgjevingsteneste i kommunen. Magdalena fortel at ho har kontor rett over gangen til Fjord og Fjellbygg as sine lokal i Sentrumstunet. Piotr har norsk fagbrev som tømrar.

Verksemda har hatt ei så fin utvikling at me synest at det er naturleg å følgja opp den førre omtalen på ny. Me møter Magdalena og Piotr til ein prat over ein kopp kaffi i 2. høgda i Sentrumstunet.

## Husbyggjing

Piotr har etablert eige aksjeselskap og han eig alle aksjane. Tidlegare hadde han eit enkeltmannsføretak som selskapsform.

Me spør om hus- og hyttebyggjing dei siste åra.

Magdalena og Piotr fortel at dei har oppført 2 nye hus i Øvre Eidfjord dei 2 siste åra. Det eine huset var til Lillian Haugen og Arild Ormevik og det andre til Synnøva Gausvik. Dei fortel vidare at dei byggjer 1 hus kvart år i snitt. Dei har fylglege bygd 5 hus i Øvre Eidfjord dei siste 5 åra. Dei fortel og at huskjøparane kjem ifrå Eidfjord medan dei fleste hyttekjøparane er frå Bergen.

## Hyttebyggjing

Dei planlegg no 5 nye hyttemodellar. I juni 2018 hadde dei ein kampanje på nettstaden «Finn.no». Dei fortel her om svært god respons. Dei fortel vidare at dei har inngått samarbeid med Tom Karsten Garen. Han er

tomteeigar og tomteseljar for det aktuelle hyttefeltet i Fetalia. Me spør om kva type hytter dei byggjer. Piotr fortel at han har eit samarbeid med ein arkitekt, men dei fleste hyttene teiknar han sjølv.

Piotr fortel at dei gjev kundane høve til å påverka utforminga av deira hytter i samtalar på kontoret. Ingen hytter er såleis heilt like. Piotr kjem med forslag om interiør. Kundane kan vera med på tilpassing av både eksteriør- og interiør av deira hytter. Hans arbeidsansvar er prosjekt- og byggje plass. Magdalena kan fortelja at ho har ansvaret for kontorarbeid, kommunikasjon med kundar samt økonomisk planleggjing.

Me spør vidare om storleiken på hyttene.

Dei kan fortelja at hytteprisane er frå kr.2.880.000 til over kr.5 mill. inklusive alt tomt og grunnarbeid. Dei har her samarbeid med røyrleggjar Jan Ole Kvamsdal og elektrofirmaet EL-fag / Ystanes. Magdalena gjev uttrykk for at dei synest det er viktig å kunna samarbeida med lokale verksemder.

Piotr fortel at dei har vore underentrepreneur for Leigland Bygg. Fjord og Fjellbygg as oppførte i 2017-2018 m.a. dei 2 siste blokkene til hytteanlegget rett ovanfor Sysendalen Skisenter sitt alpinanlegg på Maurset. Dei kan vidare fortelja at dei har oppført hytter både i Telemark, Geilo, Kragerø, Sotra, Kristiansand, Kongsberg og Hardangervidda.

## Planar vidare

Magdalena og Piotr fortel at dei ønskjer prosjektering av meir moderne hytter i 2019. Fram til no har dei for det meste prosjektert og bygd meir klassiske modellar. Dei planlegg elles ein 2-mannsbustad i Eidfjord. Dei er no i ein prosjekteringsfase. Byggjesum her er sett til .3,5 mill. kr. med alt grunnarbeid. Dei fortel vidare at dei gjerne reiser på fjellet i helgene for å sjå

på hyttetomter saman med interesserte kjøparar.

Me spør til slutt om dei trivast i bygda. Dei gjev både uttrykk for at dei trivast svært godt her. Dei synest både at folk flest er opne og høflege. Dottera Emilia snakkar godt Eidfjordialekt, fortel Magdalena. Dei har alle 4 fått gode relasjoner i bygda og synest at Eidfjord er ein fantastisk stad.

## Oppsummering

Me har møtt eit hyggjeleg ektepar frå Polen som ser ut til å trivast i Eidfjord både med arbeid og fritid. Fjord og Fjellbygg står for verdiskaping- og sysselsetjing både gjennom eiga verksemd og i samarbeid med andre aktørar både lokalt og nasjonalt. Verksemda har hatt ei god utvikling sidan etableringa i 2013. Det er positivt for kommunen at me har slike kreative menneske lokalt. Dei har interessante planar for framtida. Me trur at dei vil lukkast i vidare vekst- og utvikling i Eidfjord.

Me takkar Magdalena Zarzecka og Piotr Arthur Zarzecki for samtalene og ønskjer dei lukka til vidare både med arbeid og fritid i Eidfjord kommune.



## ÅSMUND BRUNVÆR AARSAND (27)

# Prosjektleiar for vatn og avlaup (VA) i Sysendalen

**Å**smund starta i jobben sin 8. oktober for Eidfjord kommune. Han skal leia arbeidet med å få oversikt over vass- og avlaupsanlegga i heile kommunen. Dette er eit stort og krevjande prosjekt. I samband med prosjektet er han tilsett som kartingeniør og skal arbeida med å kartlegga, dokumentera og registrera opplysningar som manglar i våre basar.



Åsmund Aarsand. Foto: Marte Nermoen

Åsmund kjem nyutdanna med bachelorgrad i landmåling og egedomsdesign frå Høgskulen på Vestlandet og synst den nyoppretta prosjektstillinga i kommunen passar perfekt. Mykje av arbeidet vil bestå i å registrera data i vass- og avlaupsbasen vår, basert på data me har samstundes som det vil verta mykje innmålingsarbeid i periodar.

Hovudmålet med prosjektet er å få ei fullgod oversikt over vass- og avlaupsanlegga i kommunen og få alt registrert i kart. Dette vil letta planlegging og utbygging i kommunen i framtida. Det vil dessutan forenkla arbeidet til våre driftsoperatørar, og dei vil kunne yta betre service til grunneigarar og utbyggarar. Mange anlegg er alt godt dokumentert, andre ikkje fullt så godt. Eidfjord kommune kjem difor til å vera synlege ute i felten i periodar av året som kjem. I dei område me meiner det er trong å ha med hovudgrunneigar/anleggseigar på synfaring, vil desse verta kontakta i forkant. Me vil elles gjennomføra synfaringar der me ser det er naudsynt utan at hovudgrunneigar/anleggseigar er til stades.

Sjølv kjem Åsmund frå Ulvik og då vart det nesten som å koma heim då denne jobbmølegheten dukka opp. Han dagpendlar til og frå jobb og trivst med å vera ein bidragsytar til nedbetaling av Hardangerbrua.

Ulvik og Eidfjord har variert natur med utfordringar for aktive personar. Åsmund liker godt å trena, gå på ski, springa, gå toppturar og delta i ulike idrettsarrangement. Han trener også skigruppa i Ulvik på fritida. Sidan han er ein spreking godt over gjennomsnittet, har han hatt tilbod om deltaking i Norseman Xtreme Triathlon på lokal kvote, men problem med eit kne har hindra han så langt. Men det kjem fleire sjansar.

Tekst: Glenn Wiik



## OPNINGSTIDER I EIDFJORD KOMMUNE

### KOMMUNEHUSET

24.12: STENGD  
27.12: 09.00 – 14.00  
28.12: 09.00 – 14.00  
31.12: STENGD

### LEGEKONTORET

24.12: 08.00 – 12.00  
27.12: 08.00 – 13.00  
28.12: 08.00 – 13.00  
31.12: 08.00 – 12.00

**Legevakt:** 56 52 60 03

**NAV-kontoret er stengd.**  
*Ved behov for kommunale tenester,  
ta kontakt i resepsjonen på kommunehuset.*



## OPNINGSTIDER DESEMBER 2018

16.12	14 – 18
17.12	09 – 18
18.12	09 – 18
19.12	09 – 18
20.12	09 – 20
21.12	09 – 20
22.12	09 – 18
23.12	14 – 18
24.12	09 – 14
27.12	09 – 20
28.12	09 – 20
29.12	09 – 18
31.12	09 – 16



## VELKOMEN TIL EIN HYGGELEG JOLAHANDEL

Opningstider desember  
mandag-fredag: 11.00-17.00  
laurdag: 10.00-16.00  
romjula: 11.00-16.00

*Me har bestemt oss for å legga ned  
butikken vår og vil med dette takka alle våre  
trufaste kunder gjennom 12 år.*

*Siste opningsdag vert søndag 16 desember.*

**ME YNSKJER ALLE KUNDAR  
GOD JOL OG GODT NYTT ÅR!**



## SKUMLE FORTELJINGAR I 3. KLASSE

Tekst og foto: Anette Lægreid

3. klasse har laga eit hefte med skumle forteljingar som dei er svært stolte over.

Dei skreiv først for hand, så førte dei inn og redigerte/ illustrerte på pc.

Rektor Anne fekk overlevert eit eksemplar, då dei veit at ho er svært interessert i litteratur.



## Temadag 1 og 2

Tekst og foto: Helene Bratland



Eidfjordvatnet er ein populær plass for uteskule. 1.og 2.klasse hadde spikking og steiking av pinnebrød med ulike smakar som aktivitet.



1. og 2.klasse hadde turdag til Fellesfjøset i Øvre Eidfjord. Alltid kjekt å få koma på besøk der!

**Din stasjon X**

**God jul & godt nytt år fra Yx Eidfjord !**

**Opningstider Yx Eidfjord**

<b>23 Desember:</b>	<b>08.00 - 18.00</b>
<b>Julften:</b>	<b>09.00 - 15.00</b>
<b>1. juledag:</b>	<b>12.00 - 15.00</b>
<b>2 Juledag:</b>	<b>12.00 - 21.00</b>
<b>27-28 Des:</b>	<b>08.00 - 21.00</b>
<b>29 Desember:</b>	<b>09.00 - 19.00</b>
<b>30 Desember:</b>	<b>09.00 - 20.00</b>
<b>Nyttårsaften:</b>	<b>09.00 - 15.00</b>
<b>1 Januar:</b>	<b>12.00 - 20.00</b>
<b>2 Januar:</b>	<b>08.00 - 20.00</b>

Eidfjordvegen 269, 5783 Eidfjord. E-post: eidfjord@st.yx.no. Tlf: 47 97 03 06

**MASS HUS AS**  
**SPAR** **Kinsarvik**

**Det meste under ett tak!**

53 67 11 70 | post@masshus.no  
 Facebook: @sparkinsarvik

1. og 2.klasse hadde temadag om hausten og om grønsaker. I dette høve lagde me haustsuppe til lunsj og rektor blei sjølvsgått invitert med.

38

39

# Jolegrantenning

Det er stemningsfullt når  
jolegrana er tent.

